

# *På vitjing hjå Nils L. Austnes 1983*

Av Sevrin G. Ulla

*Ein klårversdag i mars månad i år (1983) var eg ein tur inn til 99 årige Nils L. Austnes. Og eg fann han nede ved den store og velhaldne lagerbygninga nede ved sjøen. Der han ofte er i arbeid på snikkarverkstaden, og eg fekk sjå ymse ting som han laga. Der var syskrin, kjøkenknakkar, blomsterbord og nokre små dokkehus. Det var med stor interesse eg såg på desse sakene, og eg skyna at dette jamne arbeidet på verkstaden hadde mykje å segja for han når det gjeld å halda seg i form. Som han ofte brukar å segja: Det som ikkje øves det sløves!*

*Når me gjekk oppover mot stovehuset, peika han ned mot sjøen og sa: Der austanfor lagerbygninga er «Stongja», der var ein stor høg stein, og båtar som rodde over fjorden lagde ofte til lands der. Nordvest for lagerbygninga heiter det «Leirhola», der tok dei leir til å bruke i kjøkengruene i gamle dagar. I dag står der grøne og frodige grantre nedanfor stovehuset. Desse trea tek godt av frå kulingen frå nordaust.*

*Foreldra til Nils heitte Ragnhild og Lars N. Austnes, dei budde i Larsgarden på Austnes. Larsgarden var tidlegare frådelt frå Sjurgarden. Nils var fødd i det gamle Austnestunet den 25. januar 1884. Stovehuset i Larsgarden vart bygd den sumaren og dei flytte dit.*

*Sine fyrste skuleår gjekk Nils i Kristoffergarden, og hadde som lærar Marie Brunvold. Seinare vart det skulegong i den gamleklokkarstova på Åkre. Lærarane der var A. H. Grytnes og Olaus Alme. Var det dårleg ver so hende det at far til Nils tok hest og slede og køyrde borna til skulen. Nils kan minnest frå skuletida at borna fekk sjå når den fyrste slåmaskina vart teken i bruk på Åkre. Det var ei storhending. Ein mann som eg snakka med meinte at det var i 1896. Konfirmant-førebuinga var på prestegarden på Kjerstad. Dei unge rodde i færing over fjorden. Det var Richard Moe som var prest her den gongen. Ols so var det ein ung student som heitte Olav Moe som var her, ein slektning av presten Moe. Olav Moe var den seinare landskjende professor Olav Moe ved Menighetsfakultetet i Oslo.*

Etter konfirmasjonen vart det å vera med på torskefiske, som dei fleste ungdomane her på øyane. I 1902-03 gjekk han i snikkarlære ved Holmøyane i Nordfjord. Sidan vart det å vere med på bygningsarbeid. Han byrja å kjøpe heim matreal i 1913, og etter kvart vart det eit skur til sag, og ein gamal faststøypt motor som drivkraft. Våningshus vart bygd i 1916, med diverse påbygg seinare. Eit stort arbeid er nedlagt i bygningane ved sjøen, og med utviding av det store kaianlegget der. I dag er det sonen Leiv N. Austnes som driv forretninga.

Nils har fortalt om far sin, Lars Nilsson (f. kring 1840) som kom til Austnes i slutten av 1850-åra. Han var fødd i Urkedal på Grytastranda. Foreldra hans hadde flytta dit med 5 born i 1837. Dei kom frå Bolstad i Oppstryn. Lars kom i teneste hjå syster si som var gift på Austnes. Seinare bar det til Ulla og Ullahammar med han. Der fekk han vere med som losgut, og kappror etter seilskuter. Og det vart fiske på eigen åttring.

Ungdomslaget hadde den tid sine møter på skulehuskjellaren på Åkre. Ei gruppe musikarar var med på underhaldning sume tider. Nils spela cello, Petter J. Austnes spela fiolin og Nils A. Åkre spela orgel.

Når ein kjem i prat med Nils L. Austnes, so merker ein snart at han har havt lesehug i sine dagar. Han har godt kjennskap til dei bibelske forteljingane som han sume tider tek fram på møter i pensjonistlaget. Grette si soga kjenner han godt til. Folkeminne er han og interessert i. Han kan fortelje om Store-Knut på Rogne og om andre sterke karer. Nils har humoristisk sans, når han er i godt lag so kan han fortelje ei god og munter historie!

Nils var kyrkjeverje i Haram kyrkje i mange år, og lagde ned eit trufast arbeid der. Til samlingar i kyrkje og bedehus er han oftast på plass. Og på møter i Haramsøy Pensjonistlag har han alltid noko å bera fram! Han kan fortelje og deklamere! Eg har høyrte han deklamere so varnemt og fint det fagre diktet: «Handa hans far min». Og eg har høyrte han so lentug, lett og levande deklamere dei fire versa av Jørgen Moe: «På solen eg ser det lider alt fram---». Likeeins har eg høyrte han deklamere Jørgen Moe sitt dikt om ungbirken:

«Du deilige birk du kjære, på dig vil eg ofte se. Gud give jeg måtte lære hvad du meg så smukt kan te: Å vokse i eget øye nedad med hver en dag å krone og å opphøye, det vorder da Herrens sak.»

*Og kven hugsar ikkje eldrefesten på Austnes Bedehus den 4. januar i år? Når gongen rundt juletreet var slutt, og dei fleste var trøytte, då gjekk den 99 årige Nils L. Austnes burt til festleiaren og bad om å få lese en song. Han sette to julelys like ved songboka på bordet og las høgt og tydeleg den kjende songen: «Jeg så ham som barn med det solrike øye». Siste verset lyder: «Og engang jeg ser ham når lyset nedbrenner, da strekker jeg mot ham de segnende hender. Når hjerte står stille og øyet vil briste, da hilser jeg ham med et smil, med det siste.»*

*Sevrin G. Ulla*